

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	32/2022	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	15.12.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Orienteringssak – Nydyrking ved Nordsetrene - status i saka.

Sakspapir:

- Sak 19/2020 i Lom fjellstyre. Søknader om dyrkingsjord
- Sak PS 2021/32 i Lom kommune. Planprosess – nydyrking ved Tesse.
- Sak 2021/1458-1 i Lom kommune. Løyve til å dyrke ved Nordsetrene i Lom
- E-post 28. januar frå Lom fjellstyre til Lom kommune. Gjennomføring av konsekvensutgreiing
- 20220401 E-post frå kommunalsjefen i Lom kommune til Landbrukskontoret i Lom og Skjåk. Dyrkingsareal ved Nordsetrene.

Saksutgreiing:

Fjellstyret fekk våren 2020 tre søknader om tilleggsjord i området Nordsetrene i Vårdalen statsallmenning. Saka vart behandla av fjellstyret i sak 19/2020 der det vart gjort vedtak om å sende saka vidare til behandling sjå kommunen og Statskog SF. I ettertid har det kome inn ein søknad til om dyrkingsjord i same område.

Med bakgrunn i uttaler frå Statskog og kommunen vart det kalla inn til ei felles synfaring på Nordseter hausten 2020. På denne vart det semje om at saka måtte utgreiast og avklarast i forhold til kommuneplanarbeidet. Det vart framheva at det var ynskjeleg med ei grundigare kartlegging og vurdering av arealets eignaheit for dyrking.

Kommunen hadde vinteren/våren 2021 saka oppe til politisk vurdering, og 18. mai gjorde formannskapet vedtak om at landbrukskontoret, uavhengig av kommuneplanarbeidet, skulle ta saka til behandling. Landbrukskontoret behandla saka administrativt (saksnummer 2021/1458-1) og gjorde slik vedtak:

«Dyrkingsfelta er samla så store at Lom kommune set vilkår om at det blir gjort konsekvensutgreiing for området i forhold til dyrking, jmf. § 6 i forskrift om nydyrking, før plan om dyrking kan takast opp til endeleg handsaming i kommunen.»

Med bakgrunn i dette vedtaket sendte sekretæren for Lom fjellstyre ein e-post til kommunen 28. januar 2022 der det vart argumentert for at det er naudsynt å få gjennomført ei konsekvensutgreiing for å kome vidare i saka, at det i ljøs av sakshistoria er feil å pålegge søkjarane denne kostnaden og at det under synfaringa 14. september 2020 var einigheit om at kommunen skulle ta del i utgreiing og vurdering av areala for mogleg dyrking. I ljøs av dette vart det difor bede om at kommunen skulle ta initiativ til å utarbeide ei konsekvensutgreiing som grunnlag for prosessen vidare i denne saka.

Etter interne drøftingar kom kommunen fram til at det på grunn av historikken i saka er rimeleg at kommunen tek på seg å utføre konsekvensutgreiinga. I e-post frå

Møtebok – Lom fjellstyre

kommunalsjefen i Lom kommune til landbrukskontoret for Lom og Skjåk sendt 1. april 2022 går det fram at:

«Lom kommune ber derfor Landbrukskontoret for Lom og Skjåk om å utføre konsekvensutgreiing for det aktuelle området i tråd med vedtaket i sak 2021/1458-1. Fordi det generelt er knytt stor politisk interesse til spørsmål om utnytting av arealet ved Tesse, er det Lom kommune sin oppfatning at det her vil vere tenleg å sette arbeidet med konsekvensutgreiing ut til eit eksternt firma. I tråd med vertskommuneavtalen vil Lom kommune bere kostnadane for konsekvensutgreiinga»

Fjellstyret er ikkje kjend med at det har vore framgang i saka etter dette. Sekretæren tok difor kontakt med landbruksjefen 8. desember. I telefonsamtala vart det informert om at kommunen har fått inn eit anbod på konsekvensutgreiing av arealet, men at kostanden for denne førebels er vurdert til å være for høg. Landbrukskontoret avventar vurdering av prosessen vidare.

Behandling:

Svanhild Lyngved Solheim meldte seg innhabil i saka. Bjørnar Brustuen vart vald som leiar i hennas fråvær.

Vedtak:

Fjellstyret tek saka til orientering.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Mørch Reiersen – som e-post
- Svanhild Solheim Lyngved – som e-post
- Per Kvernstuen og Oda Evy Øyen – som e-post
- Vegar Haugen – som e-post